

På lag med  
**framtida.**  
Bømlo Venstre



VENSTRE

# Med Bømlo inn i framtida.



**Sentralt i Venstre sin ideologi har alltid vore sosialliberale idear om enkeltmennesket si rolle som drivkraft i samfunnet. Difor set Venstre folk først!**

## **Klima og miljø**

Utan miljøvern, inga framtid. Bømlo Venstre vil ha eit betre klima for oss og barna våre. Me skal verne om naturen og miljøet for å sikre ei berekraftig framtid.

### **Me vil:**

- ✓ at Bømlo skal bli ein klimanøytral kommune
- ✓ kutte klimagassutsleppa frå kommunen med minst 60-70% innan 2030
- ✓ ta vare på det biologiske mangfaldet
- ✓ jobbe for ei berekraftig havbruksnæring
- ✓ ha kjeldesortering for alle kommunale verksemdar
- ✓ gjere det enkelt med private klimatiltak som gebyrfritak for solcellepanel på tak
- ✓ ha plastfri kyst

## **Samferdsel og areal**

God infrastruktur er viktig for miljøet og næringslivet. All arealforvaltning skal vere helsefremjande. God mobilitet for alle er med på å redusere sosial ulikskap.

### **Me vil:**

- ✓ ha eit betre kollektivtilbod, på land og sjø, med mykje betre korrespondansar
- ✓ at bustadområder skal ha nær tilgang til sjøen
- ✓ sikre båtplass til alle gjennom fellesanlegg
- ✓ etablera energistasjon (straum, hydrogen, osb)
- ✓ at Bømlo skal bli ein sykkelkommune
- ✓ etablera eit trafikkisikringsfond
- ✓ at alle lokalsentra skal ha universelt utforma turløype i nærleiken
- ✓ verne om den dyrbare matjorda vår

## Velferd er hjelp når du treng det

Varm velferd handlar om tryggleik og rett kompetanse. I Noreg er det ikkje lenger viktigast å gje meir til alle, men å hjelpe dei som treng det mest.

### Me vil:

- ✓ at dei som ønskjer det får høve til å bu i eigen heim og nærmiljøet lengst mogleg
- ✓ ha auka satsing på psykisk helse, spesielt barn og ungdom
- ✓ opprette fellesbustader for dei som treng kontinuerleg omsorg
- ✓ satse på teknologi som vil frigje varme hender til omsorg
- ✓ bygge fleire bustader for utleige og sosiale bustadføremål
- ✓ videreutvikle gode dagsentertilbod

## Eit kreativt og nyskapande Bømlo

Dei framtidige arbeidsplassane er enno ikkje skapte. Difor treng me politikk som støt småbedrift og gründerkultur

### Me vil:

- ✓ at Bømlo skal bli ein føregangskommune innanfor miljøteknologi
- ✓ ha meir entrepenørskap i skulen
- ✓ stimulere til meir innovasjon i kommunale verksemdar
- ✓ gje flyktningar moglegheit til å komme raskt ut i arbeid
- ✓ at Bømlo skal bli berekraftig reisemål
- ✓ støtte arbeidet med å gje Geopark Sunnhordland UNESCO-status
- ✓ bruke kommunen si innkjøpsmakt til å etterspørja innovative og grøne løysingar



[facebook.com/bomlovenstre](https://www.facebook.com/bomlovenstre)



## Kultur og frivilligheit betyr både arbeidsplassar og trygg oppvekst.

**Anne-Beth Njærheim**

Ordfører kandidat

### Kunnskap og like mogleheiter

Barn skal oppleve tryggleik og skulen skal vere med på å danne grunnlaget for livsmeistring. Skulen skal vere ein arena for demokrati og medverknad. Venstre vil gje alle lærarar systematisk etter- og vidareutdanning.

#### Me vil:

- ✓ at læraren skal få meir tid i klasserommet
- ✓ samarbeide med kulturskulen og frivillige organisasjonar for å utvide aktivitetstilbodet
- ✓ støtte ei prøveordning der ein kombinerer fysisk aktivitet med teoretiske fag, med mål om variasjon i læringsmetodar
- ✓ halde fram med å styrke kulturskulen
- ✓ fleksibel inntaksordning i barnehagen
- ✓ jobba for eit kvalitetsløft i SFO, og få eit tilbod for dei større barna som treng det

### Kulturkommunen Bømlo

Eit godt kulturliv er ikkje berre noko som ein kan nyte på fritida men er og helsefremjande. Venstre vil styrke kulturen som ein del av næringslivet.

#### Me vil:

- ✓ Styrke biblioteket som arena for kultur, debatt og demokratiutvikling
- ✓ jobbe for gode rammevilkår for våre kulturelle institusjonar
- ✓ styrke stønadsordningane for lag- og organisasjonar
- ✓ ha enkle tilskotsordningar til ungdomsaktivitetar
- ✓ styrke den kulturelle skulesekken og spaserstokken
- ✓ sikre verdifulle kulturminne og kulturlandskap
- ✓ verne gjennom bruk og føredling
- ✓ ha aktivitetskort for barn og unge
- ✓ ha fleire universelt utforma turløyper kring lokalsentra



” Me må verne om naturen og miljøet for å sikre ei berekraftig framtid for oss sjølve og barnebarna våre.

**Frank Schmidt, Moster**

2. kandidat for Bømlo Venstre



” Me skal jobba for all-aktivitetshus i sentrum, gjerne med innandørs fotballbane.

**Tone Stavland, Bremnes**

3. kandidat for Bømlo Venstre



” Eg vil jobbe for at det vert etablert fiskerihavn på Langevåg.

**Ivar Barane, Langevåg**

4. kandidat for Bømlo Venstre



” Sikre friområda våre og jobbe for at alle innbyggjarane har moglegheit til å få båt plass i fellesanlegg.

**Silje Espeland Sivertsen, Økland**

5. kandidat for Bømlo Venstre

[venstre.no/bomlo](https://venstre.no/bomlo)



# Anne-Beth Njærheim

## Ordfører kandidat

### PÅ JOBB FOR BØMLO

**Eg kom til Bømlo i 1990 fordi det var jobb her. Perspektivet var 2 år.**

Vi vart buande her fordi det er ein flott kommune å vokse opp i for barn, det er interessante arbeidsplassar der mange er utvikla gjennom kulturen av gründerkap og ein vart kjend med mange gjennom deltaking i lag og organisasjonsarbeidet. Dette er viktige kvalitetar for eit godt liv.

**Eg vil heile tida jobbe for å skape ein helsefremjande kommune som er førstevallet for dei som ønskjer å bu i regionen.**

For at me skal ha berekraftig utvikling i

kommunen må vi heie fram den framtidsretta næringa som både er innovativ og grøn. Derfor vil me aktivt støtte dei varierte og innovative verksemdene i kommunen som går i front.

**Målet vårt er at Bømlo skal bli ein grøn, sosial og liberal kommune som er på lag med framtida,** og skal yte effektiv service av god kvalitet til alle innbyggjarar, basert på den enkelte sitt behov og føresetnadar - gjennom heile livsløpet.

**Bømlo Venstre heiar på Bømlo og bømlingane.**

**Anne-Beth Njærheim**  
Ordførarkandidat  
[facebook.com/bomlovenstre](https://facebook.com/bomlovenstre)



## Gunhild Berge Stang

### Fylkesordførerkandidat

"Vestland Venstre går til val på å setje ungdom først. For meg er det ikkje nok å berre seie vakre ord om ungdomane, gründerane og alle dei gode kreftene vi har i fylket vårt, samstundes som det etablerte politiske livet styrer som før.

Eg vil byggje sterke regionsentra med urbane kvalitetar og som trekkjer til seg spennande arbeidsplasser.

Riktig godt val!"

## Vestland Venstre sine toppkandidater

1. **Gunhild Berge Stang**, Fjaler
2. **Geir Kjell Andersland**, Bergen
3. **Agnes Hoshovde Bernes**, Alver
4. **Alfred Bjørlo**, Stad
5. **Tom Hiis Bergh**, Bergen
6. **Elizabeth Toft Erichsen**, Øygarden
7. **Astrid Knutsen Hårstad**, Bergen
8. **Jan Henrik Nygård**, Kinn
9. **Åsta Årøen**, Bergen
10. **Torstein Tvinnereim**, Stryn
11. **Ragnhild Handeland**, Kvinnherad

**Bømlo Venstre og Vestland Venstre er eitt lag. Det er viktig for Bømlo og Sunnhordland at den nye fylkesordføraren blir Gunhild Berge Stang.**

### Me vil saman:

- få eit betre kollektivtilbod og mykje betre korrespondansar mellom buss og båt
- utvikle utdanningstilbodet i regionen og vidareføre samarbeidet mellom næringsliv og skule
- at tilbodet innan vidaregåande- og høgare utdanning skal vere i tråd med det arbeidslivet treng i framtida
- realisere fiskerihamn på Bømlo
- ha eit riksjubileum av kristenretten på Moster i 2024

# Venstre sine kandidater i Bømlo.



## 1. Anne-Beth Njørheim

På jobb for Bømlo. Utdanna anestesijukepleiar med allsidig arbeidserfaring. Glad i, og stolt av, kommunen min.



## 2. Frank Schmidt

bur på Moster og arbeidar som tingrettsdommar ved Sunnhordland tingrett. Går mykje på tur i Bømlanaturen.



## 3. Tone Stavland

frå Svortland er til dagleg HMS- og Kvalitetsleiar i Sjøtroll Havbruk i Brandasund. Ho har vore aktiv i lokalpolitikken sidan 2011.



## 4. Ivar Barane

frå Langevåg. Har jobba på ferjer rundt omkring i Hordaland dei siste 20 åra.



## 5. Silje Espeland Sivertsen

Heimflytta bømbling. Kommunal prosjektutviklar. Serleg oppteken av det nære forholdet bømblingar har til havet.

## 6. Kristian Habbestad Larsen (2000)

## 7. Marita Eida (1990)

## 8. Mohammad Moosapour (1961)

## 9. Siv Aanderaa Legøy (1986)

## 10. André Habbestad (1997)

## 11. Irene Holmen (1978)

## 12. Eivind Hellen Sele (1997)

## 13. Ingrid Leithaug Mjanger (1978)

## 14. Øystein Stølen (1982)

## 15. Kristian Severin Nesse (1975)

## 16. Bente Helen Natterøy (1979)

## 17. Terje Olav Nesse (1962)

## 18. Dagrunn Lødden Økland (1974)

## 19. Anne Riise Hatlevik (1944)

## 20. Brynjar Stautland (1962)

HEILE VALPROGRAMMET, med meir, ligg på nett- og facebookssidene til Bømlo Venstre.

[venstre.no/bomlo](http://venstre.no/bomlo)



VENSTRE